

## Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget stiller seg bak innhaldet i saka og den vidare oppfølginga som vert skissert i oppsummeringa under kvart punkt.
2. Fylkestinget får sak med evaluering og rapport lagt fram hausten 2021.
3. Fylkestinget erkjenner at gaming og e-sport er i ferd med å etablere seg som ein svært stor og viktig fritidsaktivitet for barn og unge. Fylkestinget er opptatt av at mykje av denne aktiviteten kan og bør organiserast som andre tradisjonelle idretts- og fritidstilbod, og ønskjer å bidra til dette med følgjande målsettingar:
  - Flest mogleg barn og unge i Vestland fylke skal kunne delta på eit organisert breiddetilbod innan e-sport i sitt nærområde.
  - Organiserte breiddetilbod innan e-sport skal bidra til å motverke negative folkehelseutfordringar og bør fokusere på å styrke barn og unge si fysiske og psykiske helse gjennom tilbodet.
  - Organiserte breiddetilbod innan e-sport skal bidra til å auke deltaking og rekruttering til frivillige lag og organisasjonar.
4. Fylkesrådmannen utarbeider ein konsis e-sportstrategi med utgangspunkt i den innsamlede kunnskapen i saka. Denne strategien skal ta utgangspunkt i kva Vestland fylkeskommune konkret kan gjere for å styrke e-sportmiljøet i Vestland.

Strategien skal ta utgangspunkt i:

- Fylkeskommunen som tilretteleggjar og kunnskapsressurs, med utgangspunkt i prinsippet om armlengdes avstand.
- Organisasjonsbygging basert på grasrotverksemd, frivilligheit, non-profit, demokratiske og inkluderande organisasjonar. Dette i samarbeid med etablerte e-sportmiljø i Vestland, samt aktuelle idrettsorganisasjonar og fagmiljø. Målet er å etablere ein felles organisasjon/nettverk for utviklinga av e-sport i Vestland fylke.
- Folkehelse, inkludering, fellesskap og moglegheita for å delta uavhengig av inntekt inn i e-sport og gaming.
- Prinsippa om fair play, ikkje-diskriminering, likestilling og elles gode haldningar skal fremjast i e-sport.
- Bidra til utviklinga av instruktørprogram og opplæring av frivillige til å kunne etablere og drifte lokale tilbod.
- Dialog mellom lokale- og regionale lag og organisasjonar, Idrettsforbundet og fylkeskommunen.
- Moglegheiter for tilpassingar av allereie eksisterande offentlege bygg til e-sportklubber, og ta omsyn til areal for e-sport i romprogram for framtidige kommunale og fylkeskommunale bygg.
- Vidareutvikling av e-sporttilbodet på vidaregåande skuler i Vestland.

Strategien kan og sjåast i samanheng med frivilligstrategien.

5. Å utvikle gode elitespelarar innan e-sport kan vere viktig for Vestland, men kanskje enda viktigare er det å senke terskelen for deltaking ved å sidestille e-sport og Gaming med idretten. Ved å gjere dette opnar ein for arenaer der potensielle talent, eller fritidsspelarar kan møtast og

nytte seg av godt utstyr, trene saman, opprette lag, lære om samarbeid i trygge rammer, ha trygge vaksne til stades, og lære om fysisk aktivitet, eit sunt kosthald, og korleis dette er kritisk for å bli ein god e-sport utøvar.

Slike arenaer bør ha gaming riggar til fri bruk, dette er nemleg utstyr i ein høg prisklasse, og det er mange som ikkje har råd til dette på heimebasis. Ved å skape inkluderande møteplassar for Gaming kan unge møtast på tvers av sosio-økonomiske forhold og spille saman - ikkje alltid med mål om å bli internasjonale meistarar, men som mål å ha ein god kamp, med gode vener. Dette er inkludering, integrering og sunn spillkultur.